


KONSEKVENSGREIING TØMMERVIK

Del av gnr. 48, bnr. 1

STORD KOMMUNE



Oktober 2010

Innhald

STORD KOMMUNE	1
1.0 BAKGRUNN/INNLEIING.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Planområdet	3
1.3 Samordning/Medverknad	5
2.0 KONSEKVENSAUTGREIING MILJØ.....	5
2.1 Forureining	5
2.2 Naturmiljø.....	5
2.3 Friluftsliv	6
2.4 Strandsone	8
2.5 Kulturminne og kulturmiljø.....	8
2.6 Landskap.....	9
2.6 Sikring av jordressursar	10
2.7 Energi.....	10
3.0 KONSEKVENSAUTGREIING SAMFUNN	11
3.1 Transportbehov	11
3.3 Folkehelse	13
3.4 Tilgjenge til uteområde, gang- og sykkelvegnett	13
3.5 Barn og unge sine oppvekstvilkår	13
3.6 Infrastruktur	13

1.0 BAKGRUNN/INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Eigar av gnr. 48 bnr. 1 Tor Magnus Stangeland ynskjer å gjere om ein del av eigedomen til industriområde. Område ligg ved Tømmervika. Bakgrunnen er at denne delen ligg separert frå resten av eigedomen hans og storparten er allereie eit industriområde. I samband med at det er industriområde der frå før så har han hatt ein del interessentar, men dei krev at området først vert regulert til industriområde. Difor vart det sendt innspel til kommuneplanen og i samband med dette har kommunen stilt krav om at det vert utarbeidd ei konsekvensutgreiing for området.

I 1978 vart den sørlege delen av gnr. 48 bnr. 1 som ligg ved Tømmervika regulert til industriområde og parkering, men den nordlege delen vart ikkje teke med i denne reguleringa. Grunneigar meiner at det frå hans side var eit ynskje allereie den gongen, å ha også dette arealet som industriområde og er usikker på kvifor det ikkje vart slik.

Område i sør vart som nemnd regulert til industriområde. Eigedommen gnr. 48 bnr.13 (Tømmervik kaien) vart skild ut og er i dag leigd ut til Stord Skogeigarlag. Dei har ein leigekontrakt på 50 år som starta i 1989. Aker Solutions leiger ca 35daa av industriområde. Aker har 10- års leigekontrakt, og er no ca. halvvegs i leigeperioden. Aker eig også vegen ut der.

Planområdet ligg i tilknytning til eksisterande industriområde, og det vil difor vera naturleg å utvide dette mot nord. Område ligg no som nemnd separert frå resten av eigedomen til Tor Magnus Stangeland og blir i dag berre nytta til litt skogbruk.

Grunneigar ynskjer at planområdet og det eksisterande industriområdet skal sjåast på som ein heilskap og då som eit industriområde.

1.2 Planområdet

Området ligg midt mellom Skjersholmane og Stordbrua, men har einaste vegtilkomst er frå Ev39 mot Skjersholmane. Det ligg rett nord for eksisterande industriområde ved Tømmervikterminalen i Stord kommune, og omfattar delar av gnr.48 bnr.1. Området ligg i tilknytning til eksisterande industriområde, men ein privat veg separerer delar av eigedommen frå kvarandre. Vegen er eigd av Aker Stord AS. Planområdet utgjer totalt ca. 21.7 daa, og terrenget her er noko kupert med skogkledd høgder. Planområde ligg på ca kote +10 ved vegen i sør og stig bratt til kote +20 før det flatar ut.

Det finst ingen bygningar innanfor planområdet og område rett rundt er utmark/skog. I søraust og sørvest for planområdet er det nokre fritidsbustader.



Avgrensning av planområdet.



Reguleringsplan sør for planområde.

1.3 Samordning/Medverknad

Grunneigar Tor Magnus Stangeland har engasjert Gøtz AS til å utarbeide konsekvensutgreiing til kommuneplanen.

2.0 KONSEKVENsutGREIING MILJØ

2.1 Forureining

Planområde slik det ligg i dag forureinar ingen ting. Det vert ikkje gjødsla og det er berre litt støyforureining når ein tek ut skog. Ei utbygging av industriområde vil difor føre til auka forureining. Sidan ein førebels ikkje veit kva type industri som kjem der veit ein også lite om kva forureining det er snakk om. I ein reguleringsprosess så må ein sjå på type verksemd opp mot luftkvalitet, vasskvalitet, slamkvalitet, støykriteriar og strålingskriteriar. Ein må støtte Klima- og forureiningsdirektoratet sine krav og i følge forureiningslova §13 har den som planlegg verksemd som kan medføre store forureiningar meldeplikt til forureiningsmyndiheita. Forureiningsmyndigheita kan då fastsette at den som planlegg verksemda skal foreta konsekvensanalyse for å kartleggje verknadene forureininga vil få.

Område vil truleg måtte sprengas ned litt og kunne gi ei visuell forureining, men område ligg eit stykke frå sjø og busetnad. Det ligg også ganske godt skjerma og det vil såleis dempa den forureininga.

Planfagleg vurdering:

Det er vanskeleg på dette tidspunktet å seie noko om desse verknadene før ein veit kva slags industri det er snakk om. Det ein veit er at område ligg opp til eit eksisterande industriområde og må sjåast på i samanheng med det. Dette område har ikkje vore eit konfliktfult industriområde, og om ein treng meir industriområde i kommunen så er dette eit område som kan gi mindre forureiningsproblematikk enn mange andre plassar. Område ligg eit stykke frå busetnad. Noko som gjer at evt støy- og luktfureining får mindre konsekvensar.


Eit industriområde her vil gi auka forureining
Relativt godt eigna til industriområde

Negativ konsekvens
Positiv konsekvens

2.2 Naturmiljø

Stord og Fitjar har utarbeida ein rapport som kartlegg og verdiset naturtypar i desse to kommunane. Denne vart utarbeidd i 2008, og planområdet er ikkje trekt fram som noko interessant område, korkje innan arealbruk eller prioriterte naturtypar. I området er det hovudsakeleg skog med middels/høg bonitet. I planområdet veks det mest furu, bjørk og litt selje. Dette er generelt vanlege artar på Stord, og det er ikkje registrert verna plantetypar eller andre raudlista artar i planområdet. Område rundt har ein del hjort og planområde er ein del av eit større område som er registrert som eit viktig vinterbeite for hjort (Rapport Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane, Sord og Fitjar frå 2004).

Arealis viser at berggrunnen består av metasandstein, skifer og at lausmassane i området er forvittringsmateriale.



Flyfoto av området.


Planfagleg vurdering.

Ei utbygging vil ikkje redusere det biologiske mangfaldet i høve til artar, men minske vinterbeite til hjorten.

Ei utbygging vil i høve til naturmiljøet ha ein negativ konsekvens

2.3 Friluftsliv

Området vert normalt ikkje nytta til friluftaktivitetar, og er difor lite brukt. Det går ein sti frå sør aust til nordvest gjennom planområdet. Denne er ein del av ein sti som knyter saman Tømmervikskaien og Digernesvegen. Stien er lite brukt, og området er lite attraktivt som friluftsområde.



Sti i område.

Planområdet ligg ca 200m frå sjøen, og område nedanfor er som nemnd industriområde og såleis ikkje eigna til friluftsliv. At det er kjøyreveg nesten ned til sjøen gjer likevel at Tømmervik-kaien er mykje brukt som fiskeplass. Næraste bademoglegheiter finn ein i Grindavikjo og i Hornelandsvågen.

Planfagleg vurdering:

Den eventuelle utbygginga vil verta ei naturleg utviding av eksisterande industriområde. Ein bør sørge for at stien som går gjennom planområdet vert lagt om eller tatt med i planen, slik at ein opprettheld den funksjonen han har i dag. Utbygginga vil ha få eller ingen konsekvensar for friluftslivet i området, då området er lite brukt til dette i dag.

Området vil ved ei utbygging bli mindre naturfint

Negativ konsekvens

2.4 Strandsone

Området ligg ikkje direkte til strandlina og næraste del ligg ca 175m frå strandlina. Område er tett knytt saman med industriområde som ligg der i dag og har såleis god tilkomst til strandlina gjennom dei eksisterande vegane der.

Planfagleg vurdering:

Ei utbygging innanfor planområdet vil ikkje påverke strandsone. Det vil heller ikkje få noko å seie for tilgangen til strandsone.

Tiltaket vil difor ikkje få nokon konsekvens.

2.5 Kulturminne og kulturmiljø

I følge AREALIS er det ikkje kjende kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygningar innanfor planområdet. Det er derimot ein del SEFRAK- registrerte bygningar sørvest for planområdet. Frå gamalt av høyrde ein liten del av plassen Tømmervik til tunet på Byrkjeland, resten låg til Digernes. Tømmervik vart skild frå i 1918. Det andre plassen er Vombaneset. Vombaneset ligg søraust for planområdet. Her finn ein også ein del SEFRAK- registrerte bygningar. I dag er det fritidsbustader både i Tømmervik og på Vombaneset.



Registrerte kulturminne i planområdet.

Raud trekant vil seie at bygningen er meldepliktig i hht Kulturminnelova §25, gul trekant er andre SEFRAK- registrerte bygg, medan grå trekant er SEFRAK- registrert mur/ruin. R på rosa bakgrunn er automatisk freda kulturminne.

Planfagleg vurdering:

Innan planområde er det ikkje kjennskap til kulturminne og område har ikkje eit spesielt kulturlandskap. Ein bør vurdere å gjennomføre ei arkeologundersøking i området, då det er potensiale for funn. Ei utbygging innanfor planområdet vil ikkje påverke kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygg, og vil difor ikkje ha nokon konsekvens i høve til kulturminne eller kulturmiljø.

2.6 Landskap

Planområdet stig frå sør mot nord, og er som nemnd kupert. Terrengmessig ligg området på eit anna høgdenivå enn det eksisterande industriområde/parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg ca på kote +10 og hovuddelen av det planområde ligg på kote ca +20. Det gjer at det truleg vil bli større terrenginngrep for å få god tilkomst og utnytta det nye planområde godt. Så lenge ein ikkje veit kva type industri det blir så veit ein heller ikkje arealbehova, men i ein planprosess så må ein vurdere terrassering av område, grønne lommer og buffersoner for å tilpasse utbygginga til terrenget og areala rundt.

Det er høgare og skogkledd terrengparti rundt planområde. Noko som gjer at område ligg godt skjerma.



Eksisterande industri i forgrunnen og planområdet i bakkant.

Planfagleg vurdering:

Eksisterande industriområde har allereie laga eit sår i terrenget i dag og område ligg ganske godt skjerma i høve til det visuelle inntrykket terrenginngrepa vil gi. Ei utviding av industriområde vil uansett endre landskapet lokalt, men få små konsekvensar ut over det.

2.6 Sikring av jordressursar

Arealet er på ca 21,7daa og arealis syner at område blir rekna til å ha skog av høg bonitet. Det stemmer stort sett for mykje av området er dekt av skog, men det er mest furuskog og innimellom er det einer og lyng. Dei fleste plassane er det ikkje meir enn ca 30cm lausmassar til fjell. Det gjer at område ikkje er godt eigna til jordbruk, men den furua som veks der, vert teke ut med jamne mellomrom. Det er likevel ikkje eit område eigna til plantefelt avdi det er relativt grunt med lausmassar.



Lysning i planområde.

Planfagleg vurdering:

Område er greitt eigna til skogbruk, men det er ikkje viktige landbruks- eller skogbruksareal som går tapt. Det er heller ikkje eit stort område så ei eventuell utbygging vil difor ikkje få merkbare konsekvensar i høve til dette.

2.7 Energi

Ei utviding av industriområde vil truleg føre til auka energibehov. Kor mykje og kva type er uråd å seie på dette tidspunktet, men truleg må den energien tilførast gjennom SKL sitt strømnnett. I samband med at det er eit industriområde der frå før så er det lagt ut veg med høgspenst og lågspenst. Dette straumnettet vart brukt når Aker ferdigstilte condeep-plattformar her for 15-20år sidan. Det kjem an på typen industri som etablerar seg her om det er nok.

Næraste naturgass er på Heiane industriområde.

Planfagleg vurdering:

Det ligg truleg straum med nok kapasitet til dei fleste typar industri her.

Ei utbygging vil truleg føre til auka energibruk

Energibehovet er truleg dekkja med dagens utbygging

Negativ konsekvens

Positiv konsekvens

3.0 KONSEKVEN舜UTGREIING SAMFUNN

3.1 Transportbehov

Ei utviding av industriområde vil truleg føre til fleire arbeidsplassar og tilkjøring/fråkjøring av materiell. Utbygginga vil difor føre til auka transportbehov for arbeidarar og føre til ei auke i tungtransporten. Arbeidarane vil truleg komme landevegen. Det ligg som nemnd veg heilt fram til planområde og det er godt med parkeringsplass i område. Om ein skal reise offentleg så er det ca 300m til Ev39 der det går buss ca 1 gang i timen og det er ca 2000m til Skjersholmane fergeleie.

Tungtrafikk kan komme langs veg, men også via båt og kaianlegget i industriområdet som ligg der i dag. Her er det to gode djupvasskaier i dag.



Eksisterande industri- og kaiområde i forgrunnen og planområdet i bakkant.

Planfagleg vurdering:

Transportsystema som er der i dag er store og gode nok til å ta ei evt utviding av industriområde.

Ein vil få utnytta dagens transportveggar betre

Positiv konsekvens

3.2 Senterutvikling og utbyggingsmønster

Leirvik har vore og er kommunesenteret på Stord. I følgje SSB så soknar no 11 424 personar til Leirvik. I Stord kommune ligg også Sagvåg sentrum som med sine 3 250 innbyggjarar er Sunnhordlands nest største tettstad. Midt i mellom desse ligg Heiane handleområde som også ligg tett opptil E39. Dei siste åra har Heiane hatt ei

stor positiv utvikling noko som diverre har gått litt ut over handelen i tettstadane Leirvik og Sagvåg. Ein del av denne effekten skyldes at storparten av ny bustadbygging har skjedd i område Kårevik, Horneland og Valvatna.

Planområdet ligg omlag 5,4 km frå Leirvik sentrum og 2,3 km frå Heiane handleområde.

Dette vil bli eit industriområde som ikkje er meint til handel og servicenæringar. Såleis vil ikkje det påverke sentrumsutviklinga i det heile. Området ligg som nemnd i tilknytning til eit eksisterande industriområde, og ei utbygging her vil difor vere ei naturleg utviding av dette. Det vil forhåpentlegvis føre til fleire arbeidsplassar, kor mange er vanskeleg å seie, om dei buset seg i nærleiken så vil det være med på å forsterke vridinga av utbyggingsmønsteret. Fleire arbeidsplassar gir fleire folk som handlar og det er positivt for sentera og utbyggingsmønstra.

Planfagleg vurdering:

Det er vanskeleg å seie kor mange nye arbeidsplassar ei slik utviding vil gi. Det er også vanskeleg å seie kvar dei evt vil bu, men totalt så vil det være positivt for handelsentra og utbygginga på Stord at det vert fleire arbeidsplassar her.

Fleire arbeidsplassar fører til meir bruk av sentera. Positiv konsekvens



Oversikt over kva som finst i nærområdet.

3.3 Folkehelse

Område ligg i dag som nemnd opp til eit eksisterande industriområde og difor ikkje noko spesiell grøn lunge. Industriområdet som ligg her har i det siste hatt lite aktivitet. Dette kan endre seg og ei utviding av industriområde som føreslått kan være med på å endre det.

Det er ikkje uvanleg at industriverksemd fører med seg noko støy- og luftforureining. Det er derimot vanskeleg å sei noko sikkert om omfanget av dette, då ein ikkje veit kva slags industri og omfanget det er snakk om. Det ein veit er at industri som etablerar seg i Noreg må følgje krav frå Klima- og forureiningsdirektoratet med omsyn til forskjellige parameter som skal sikre folkehelsa.

Området ligg i dag ikkje tett opp mot bustadfelt. Det er ca. 0,6 km til næraste bustad, og omlag 1 km til bustadfeltet i Hornelandsvågen. Støy- og luktproblem vil normalt ikkje verta noko stort problem. Det ligg nokre fritidsbustader i nærleiken, men heller ikkje dei ligg tett opp mot området. Eksisterande industriområde er også nærare desse enn planområde.

Planfagleg vurdering:

I ein eventuell reguleringsplan må ein taka omsyn til dei krava og retningslinjene som er gitt av Klima- og forureiningsdirektoratet. Desse må bakast inn i reguleringsplanen og ein må ta ei vurdering på kor vidt det er naudsynt å utarbeide støysonekart for området. I høve til at det allereie er eit industriområde der i dag og det ligg nærar busetnaden så har utvidinga kunn ein liten negativ konsekvens.

3.4 Tilgjenge til uteområde, gang- og sykkelvegnett

Som nemnd går det ein sti gjennom planområdet. Denne bør ein forsøke å leggje om. Elles er det god tilgang til uteområde og grøntstruktur på begge sider av planområdet og det eksisterande industriområdet. Her har ein også tilgang til strandsona.

Planfagleg vurdering:

Om ein sikrar tilgjenge igjennom eller langs, planområde slik at ein framleis knyter saman Tømmervika og Digernesvegen, så endrar ein ikkje tilgjenge til uteområde.

3.5 Barn og unge sine oppvekstvilkår

Planområdet ligg som nemnd eit stykke ifrå busetnad og inntil eit eksisterande industriområde. Dette er eit område som normalt vert lite nytta og då særskild av barn og unge. Ei eventuell utbygging av området vil ikkje få nemneverdige konsekvensar for barn og unge sine oppvekstvilkår.

3.6 Infrastruktur

Området har vegtilkomst via ein privat veg som er eigd av Aker Stord AS. Vegen er ca 6,0m asfaltert bredde og ei lengd på ca 300m. Den går inn på Ev39 i eit godt kryss. Kjøparane av området må inngå ein avtale med Aker for å få bruksløyve til vegen. Det er ikkje mykje trafikk på den i dag og vegen er breidd nok til å ta den auka belastninga som kjem i samband med ei eventuell utbygging av området.

Dato 26.10.2010

